



Seksjonssjef Hans Bakke
Politidirektoratet

Vår ref. 16/509-23	Dykkar ref.	Sakshandsamar Arild Ingar Læg Reid	Direktenr 97529137	Arkiv K2 - X31	Dato: 03.01.2017
-----------------------	-------------	--	-----------------------	-------------------	---------------------

Nærpolitireforma - merknader til politimeisteren i Vest politidistrikt si tilråding

Eg viser til telefonsamtale med seksjonssjef Hans Bakke i Politidirektoratet måndag 2. januar 2017.

Årdalsamfunnet kan ikkje forstå at Årdalstangen ikkje er med som tenestestad i Vest politidistrikt si tilråding til ny struktur. Som grunngeving for dette, viser eg til uttalen frå Årdal kommunestyre som følgjer vedlagt. Denne uttalen grunnjev breidda og kompleksiteten i dei ulike oppgåvene lensmannskontoret i Årdal har ansvaret for og korleis lensmannen, lokalsamfunnet og tungindustrien har utvikla eit nært og tillitsfullt samarbeid over mange år. Som ordfører fryktar eg at politimeisteren si tilråding vil få svært negative konsekvensar dersom den skulle bli teken til følge av politidirektøren.

Tilleggsargument :

- Om 4 år vert det ikkje buande att operative polititenestemenn i den største kommunen dersom tenestestaden vert Lærdal. Dette vil mellom anna ha store konsekvensar for arbeidet i «Årdal Tenk Tryggleik».
- Anløpa til Schengenhamna i Årdal vil auka frå 300 til 330 i 2017 og pålagde passkontrollar vil auka monaleg som ein følge av dette.
- Opningstida i dokument frå Vest Politidistrikt er feil når det gjeld Årdal sitt vedkomande. Rett skal vera måndag- fredag 08.30 -14.00.
- Lensmannskontoret representerer dei siste statlege arbeidsplassane i kommune.

Eg ber om at politidirektøren ikkje tek framlegget om nedlegging av lensmannskontoret i Årdal til følge.

Med helsing

Arild Ingar Læg Reid
Ordfører (sign)

Vedlegg: Nærpolitireforma - uttale frå Årdal kommunestyre dagsett 17.11.2016